



Store krefter i TOR

**Om ein ser seg rundt, er det mange synlege spor etter stormen Tor på fredag. Gamle tre er rotvelta eller knekte. Det var godt synleg i Holmane på Dønhaug i dag. Ved uteløa til Erlend Bjørnebøle er det gjort skade på eit av dei gamle tuntrea.**

Plassen er kjend for mange frå den tida Festidalen brukte Holmane som festivalområde. Frå gammalt var det to uteløer i Holmane, ei til kvart tun på Dønhaug. Eit uver påførte den eine løa store skader. Løa er borte i dag. Uteløa til Bjørnebøle er eit kulturminne i seg sjølv, ligg vakkert til ved Uskedalseleva og enno med nokre tuntre tett på.

Tekst/foto: Kristian Bringedal  
Nett: Thor Inge Døssland